

SLIK BLIR SMITTEVERNUTSTYRET KVALITETSSIKRA

- ▶ Dyktige fagfolk har kontrollert smittevernutstyret før det blir levert ut i sjukehusa. Det har dei gjort for at du og kollegaene dine skal ha **hanskar, frakkar, munnbind** og **masker** som er trygge å bruke.
- ▶ Sjølv om utstyret kan sjå annleis ut enn tidlegare, gjeld dei same kvalitetskrav som under normale innkjøp.
- ▶ Utstyr som blir kjøpt inn til Noreg via den nasjonale innkjøpsordninga må gjennom ein systematisk kvalitetskontroll. Erfarne fagfolk prøver og testar utstyret, mellom anna blir passform, slitestyrke og materialkvalitet sjekka. Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) kontrollerer i tillegg filtreringseffekten på masker og munnbind.
- ▶ Utstyr som blir skaffa nasjonalt og lokalt (utanom den nasjonale innkjøpsordninga), blir testa etter same testregime som blir brukt nasjonalt.
- ▶ Regionalt kontrollerer Sykehusinnkjøp HF utstyrsleverandørane som det blir vurdert å kjøpe utstyr frå. Dersom leverandøren får tommel opp, sjekkar fagfolk kvaliteten på produkta frå leverandøren. Dei kvalitetssikrar at produkta smittevernfagleg er trygge å bruke i sjukehus. Om svaret er ja, kjøper ein innkjøpskoordinator inn smittevernutstyret.

